

## INNSPEL i samband med planlegging av ny hall på Ostereidet

Utearealsgruppa hadde møte i går 12. april og samla seg om nokre innspel vi ynskjer å kome med i samband med planlegginga av ny hall på Ostereidet.

Utearealsgruppa er ei samarbeidsgruppe for Ostereidet-krinsen med representantar frå skulane (tilsette), foreldra til elevane på skulane (FAU), samarbeidsutvalet på Ostereidet ungdomsskule, Ostereidet bygdelag og Eikanger Idrettslag. Gruppa jobber med uteområdet rundt skulane og elles i kringen og har planlagt og jobba med / gjennomført fleire små og større prosjekt dei siste åra.

### Gruppa er samla om følgjande innspel:

1. Treningssalen bør kunne brukast til andre typar arrangement enn idrett, t.d. konsertar. Det bør difor leggest til rette for at det blir teke omsyn til **akustikken**. Det bør lagast **galleri med sitjeplassar (tribune)** langs eine langveggen (jfr. Lindåshallen), og det bør og lagas plass til tribune som kan trekkast fram langs minst ein av veggane i sjølv salen.
2. Med tanke på ulike typar arrangement bør det lagast **scene** – eventuelt ei scene som kan løftast / vippast inn til veggen. I tillegg er det utearealsgruppa sitt forslag at scena kunne vore mogleg å forstørre ved at det blir bygd eit rom bak ei mindre scene – og at dette rommet til vanleg kan vere lukka med skiljevegg. Om rommet bak skiljeveggen blir planlagt stort nok kan det til vanleg vere i bruk t.d. som (del av) klubblokale for ungdomsklubb.
3. Utifrå dei aktivitetar vi har her i området er det eit ynskje at det i hallen blir **møterom, treningsrom / vektrom, klubblokale for ungdomsklubb og øvingsrom og lagerrom for korpsset**.
4. **Garderobane** bør kunne vere lett tilgjengelege for dei som trener i hallen og i tillegg for dei som spelar fotball ute på grasbana. Det har i fleire år vore uttrykt ynskje om å få garderober som er nærare grasbana enn det som er tilfelle no med den gamle gymsalen. Med inngangsdør utanifrå direkte til eigen gang / garderober vil ein og kunne unngå at «plastknottar» frå grasbana blir spreidde over større delar av golva i hallen. Det bør vere mange nok garderober til at det kan vere fleire treningar på same tid i hallen og på grasbana.
5. **Inngangshall / foaje:** den bør vere stor nok til at der er sjeplassar til eindele menneske. Jfr. Lindåshallen og Bryggjeslottet (Modalen). Gjerne med tilgang til mediatek / bibliotek slik det er i desse hallane. Det bør og vere kiosk og kjøken i tilknytning til foajeen. Mange her i området kjem køyrande i bil når barna eller dei sjølv skal på trening. Mange har ventetid i samband med trening / andre aktivitetar. Ein romsleg foaje vil difor kunne fungere fint som eit sosialt møtepunkt for bygdefolket.
6. Utearealsgruppa ser det slik at det er viktig at gymbygget vi no har med **basseng og liten gymsal** vil kunne brukast i framtida i tillegg til den nye hallen. Då vil det vere plass for fleire aktivitetar på same tid. Kanskje kan det utifrå dette vere ein fordel å knyte dei 2 bygga saman med felles inngangsparti.

Utearealsgruppa

v/ Solfrid Marie Hindenes  
(sekretær for gruppa og tilsett ved Ostereidet ungdomsskule)